


# Samfunnstryggleik og beredskap

Lindås kommune legg opp sitt plan- og styringssystem etter følgjande modell:



I arbeidet med samfunnstryggleik og beredskap har Lindås kommune dei siste åra brukt denne modellen til å få til eit heilskapleg arbeid med dette området.

Per juni 2017 har Lindås kommune forankra samfunnstryggleik og beredskap på følgjande måte i sine plan- og styringsdokument:

Styringssystem og plandokument	Kommentar	Tidsplan
Kommunal planstrategi: - Overordna ROS – oppdatering - Kommunedelplan for samfunnstryggleik og beredskap	Vedtatt 15.06.16. Viktig å oppdatere overordna ROS (2012). For å følgje opp ROS blir det laga ein ny overordna beredskapsplan	2017/2018
Kommuneplanen sin samfunnsdel	Samfunnstryggleik og beredskap er eige hovudtema i samfunnsdelen som er på høyring, med overordna mål og strategiar på området. Dette er direkte knytt opp mot § 14 og § 15.	Planlagt vedtatt i september 2017
Kommuneplanen sin arealdel	Vedtatt i 2011. Det ligg ein risiko- og sårbaranalyse som grunnlag for arealdelen i 2011. Kommunen skal rullere arealdelen i 2017/2018 for å følgje opp ny politikk i samfunnsdelen.	2017/2018

Fagplan/beredskapsplan for kommunal kriseleiing (KKL)	Gjeldande plan for KKL er frå 2009. I 2016 blei det etablert eit prosjekt for å utarbeide eit nytt planverk og organisering av KKL. Planen er under utarbeidning, men kommunen har hatt øvingar i den nye måten å leie KKL på. I tillegg har kommunen vedtatt å bruke CIM som eit støtteverktøy i beredskapsarbeidet.	Prosjekt i 2016/2017
Oversikt over alle beredskapsplanar	Som eit grunnlag for beredskapsarbeidet blei det gjennomført ei kartlegging av alle fag- og sektorplanar i 2014 og 2015. Planen er å lage nytt system for alle beredskapsplanar i kommunen.	2017 - 2019
Økonomiplan	I 2017 blei det sett av 30% stillingsressurs til beredskapsplanlegging i kommunen. Lindås har totalt ein 50% stilling til beredskapsplanlegging.	2016
Verksemdsplanar	For å følgje opp mål, strategiar og tiltak i overordna planar har Lindås kommune etablert verksemdsplanar på einings- og fagnivå. Her blir også konkrete beredskapstiltak følgd opp.	2017 - 2019
LK Kvalitet	Lindås kommune har etablert eit kvalitetssystem (elektronisk verktøy) for heile kommunen. Alle ROS-analyser og beredskapsplanar skal ligg i systemet som blir kalla Lindås Kvalitet.	2017 - 2019